

Oslo 23.3.2021

## Innspel til utgreiing om mediestøtte

Nynorsk er så godt som fråverande i støtteordningane. Kringkastingsringen bad om at språk skulle koma med i den nye mediestøttelova, men lukkast ikkje. Det er likevel liten tvil om at pressa er særskild viktig for eit levande norsk språk.

Statlege støtteordningar har meir enn berre éin funksjon, og slik er det også med mediestøtta. Eit døme er dei ulike krava som er nedfelte i NRK-plakaten, og i den gjeldande avtalen mellom staten og TV 2 om «levering av kommersielle allmennkringkastertjenester» frå 2018 er det t.d. eit punkt om at både dei offisielle norske målformene skal nyttast. Dette standpunktet syner att både i førearbeidet til mediestøttelova og i sjølve lova.

Utvalet som leverte *NOU 2017: 7 Det norske mediemangfoldet — En styrket mediepolitikk for borgerne*, har med eit punkt om språk under korleis dei oppfattar mandatet sitt: «Utvalget vil understreke at alle norske nyhetsmedier, herunder allmennkringkasterne, har sentral betydning for Norges språk og kultur, og legger denne forståelsen til grunn for sine vurderinger. Særlig er det grunn til å fremheve hvor stor betydning mediebruken av nynorsk og samisk har for denne målformen og dette språket.»

*Meld. St. 17 (2018–2019) Mangfold og armlengds avstand — Mediepolitikk for ei ny tid* kjem også inn på dette poenget: «Mediestøtta er viktig for å bevare eit mangfold av medium og journalistisk produksjon over heile landet. Nyheitsmedia som mediestøtta er til for, har samfunnsverdi – for demokratisk meiningsdanning, for kontroll av maktutøving og for språk, kultur og identitet.» § 6 i mediestøttelova om samiske media syner også at det er teke andre omsyn enn berre det som styrkjer den redaksjonelle fridomen.

Me meiner difor at om mediestøtta faktisk «skal legge til rette for et mangfold av redaktørstyrte journalistiske medier», så må dette også inkludere nynorsk media.

Difor ber me Medietilsynet sjå nærare på korleis mediestøtta kan styrka nynorsk mediespråk. Det kan vera gjennom dei etablerte ordningane, eller som ei ny mediestøtteordning som gjev tilskot til nynorsk journalistikk. Forskrifta om tilskot til samiske avissider brukar nemninga «samiske avissider», så «nynorske avissider» kan vera ei mogleg løysing. Det ville ha stimulert bokmålsaviser til å opna opp for meir bruk av nynorsk, og styrka dei avisene som allereie i dag hovudsakleg nyttar nynorsk.

Inger Johanne Ruset (sign.)  
Leiar  
411 40 123

*Kringkastingsringen er ein medlemsorganisasjon som arbeider for mest mogleg nynorsk, dialekt og samisk i allmennkringkastinga og i media elles.*